



Ole Jakob Aarland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/330 - 14/11085

Saksbehandlar:
Tove Mette Arnø Fyllingen
ftm@lindas.kommune.no

Dato:
07.05.2014

Breibandsutbygging i Lindås - nasjonal tilskotsordning 2014

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing

Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Andre mottakere:

Ole Jakob Aarland



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
039/14	Kommunestyret	PS	24.04.2014

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ole Jakob Aarland	FE - 064, HistSak - 13/1978	14/330

Breibandsutbygging i Lindås - nasjonal tilskotsordning 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret tek saka til orientering

Kommunestyret - 039/14

KO - behandling:

Framlegg frå M.E.Sandvik-H:

Grunna den korte fristen bed kommunestyret om at administrasjonen utarbeider ein prioritert søknad for aktuelle plassar for ei begynnande breibandsutbygging i Lindås kommune, slik at me når søknadsfristen 6 juni med frist for høyring 4 veker tidlegare (9.mai).

Bed om at formannskapet får ei løypemelding 15.mai.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

Grunna den korte fristen bed kommunestyret om at administrasjonen utarbeider ein prioritert søknad for aktuelle plassar for ei begynnande breibandsutbygging i Lindås kommune, slik at me når søknadsfristen 6 juni med frist for høyring 4 veker tidlegare (9.mai).

Bed om at formannskapet får ei løypemelding 15.mai.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

- Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Sommaren 2013 kartla vi Lindås-innbyggjarane sine oppfatningar av om breibandsdekning og mobildekning var tilfredsstillande. Kommunestyret vart orientert om resultatane og skildring av eventuelt vidare arbeid.

Vedtak i kommunestyret 19.12.2013

1. *Kommunestyret bed om at ein får framlagt ein prioritert plan over tiltak. I prioriteringa må ein også ta omsyn til dekning i høve til vidareutvikling av omsorgsteknologi/tryggleiksalarm i prosjektet.*
2. *Desse tiltaka må sjåast i samanheng med pågåande prosess med utbygging til infrastruktur til nødnett.*
3. *Det må snarast søkjast etter statlege midlar til utbygginga.*

Prioritering omhandlar m.a. behov, teknologi og geografi.

Dei to siste heng og saman ved at områder med få innbyggjarar neppe kan forsvare dei dyraste løysingane.

Behov må sjåast i lys av ambisjonane om auka innbyggjardialog, utvida bruk av omsorgsteknologi og forventa teknologiutvikling som igjen gjev grunnlag for nye nettbaserte tenester og derigjennom auka behov.

Tilskotet til utbygging av trådløst nett i dei kvite flekkane i Lindås 2007 var gunstig den gong, men er i dag av mange oppfatta som «til dels bortkasta». Kommunen mottok ofte meldingar om at ulike trådløse løysingar er ustabile og at auka bandbredde til husstanden er ynskkelig men for dyrt (eller ikkje tilgjengeleg). I skrivande stund legg leverandøren ned nokre av sendarane som vart sett opp i 2007, og tilbyr kundane breiband over satellitt. Mange finn dette som dyrt og dårleg. Forseinking i satellittendingane gjer at ein del av tenestetilbodet på nett blir ubrukeleg

Tilskottsrdninga frå Post- og teletilsynet skal sikre teknologinøytral konkurranseutlysing. Det betyr m.a. at både mobile, trådløse og faste breibandstilknytningar kan vere aktuelle.

Av dagens tilgjengelege løysingar er 4G mobilt samband og utbygging av fiberløysingar sett som dei mest framtidretta alternativa. Desse har og stabilitet som støttar opp under eit utvida tilbod innan omsorgsteknologi. Samstundes har trådløse tilbod ofte lågast pris per abonnent i områder med spreidd busetnad.

Prioriteringane vil i vesentleg grad bli påverka av kriteria som er gitt for støtteordninga:

Statleg stønadsordning

Breibandsstønadsordninga er ei offentleg stønadsordning finansiert over statsbudsjettet med fastsette kriteriar for tildeling av stønad. Regjeringa har løyva om lag 160 millionar kroner over statsbudsjettet for 2014 til breibandstilskottsordninga. Midla fordeler seg på budsjetta til

Samferdsledepartementet (SD) og Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).

Midlar blir tildelte gjennom søknader og det blir lagt opp til éi utlysing i 2014. Fylkeskommunane skal vurdere og rangere søknader frå eige fylke, medan PT skal gjere ei endeleg avgjerd opp mot evalueringskriteria og den totale budsjettamma.

Det er seks evalueringskriterium for tildeling av breibandsstønad:

1. Talet på nye husstandar som får eit breibandstilbod
2. Kostnadseffektivitet
3. Lokal medfinansiering
4. Plan for bærekraftig drift
5. Betring av eksisterande breibandstilbod
6. Kva dette har å seie for lokal samfunnsutvikling

Stønadsordninga er primært retta inn mot utbyggingsprosjekt som skaper eit tilbod om grunnleggjande breiband til husstandar som manglar dette i dag. Sekundært er det høve til å søkje om stønad også for prosjekt for kapasitetsauke i område utan tilbod om høgkapasitets breiband (minst 30 Mbit/s) og der ein ikkje kan rekne med kommersiell utbygging av høgkapasitets breiband dei nærmaste åra.

Kva som blir oppfatta som «breiband av grunnleggjande god kvalitet» vil endre seg parallelt med den teknologiske utviklinga, nye tenestetilbod og brukarbehov. Ein brukar ulike teknologiar til å levere «breiband av grunnleggjande god kvalitet», til dømes ADSL-teknologi, kabel-TV og mobil 3G-teknologi. Nye tenester og brukarbehov gjer det også naturleg å revurdere tidlegare definisjonar av kapasitetsbehov. Post- og teletilsynet har oppgåva med å definere kva ein legg i omgrepet «breiband av grunnleggjande god kvalitet» for denne tilskotsordninga. «Kvalitet» vil kunne omfatte fleire ting enn berre overføringskapasitet.

- Breibandstilbod med mindre enn 4 Mbit/s fart på nedlastinga blir ikkje rekna for å oppfylle krav til «breiband av grunnleggjande god kvalitet».
- Breibandstilbod som fører med seg avgrensingar for «normal» bruk av tenester og innhald blir heller ikkje rekna for å oppfylle kravet. Dette gjeld m.a. lang tidsforseinking/responstid og avgrensa volumkvoter for nedlasting.

Område der det eksisterer eit grunnleggjande breibandstilbod kan kvalifisere for tilskot om det einast er tilbod om grunnleggjande breiband (dvs. mindre enn 30 Mbit/s), og ikkje høgfabrtsbreiband eller forventa kommersiell utbygging av slikt tilbod dei nærmaste tre åra. Eit slikt «grått område» vil såleis også normalt kunne reknast som eit «kvitt NGA-område»

Ein kan gje stønad til utbygging av auka breibandskapasitet i eit «grått område» om utbygginga fører med seg utbygging av såkalla NGA-breiband over 30 Mbit/s. Døme på NGA-nett er fibertilknutting, oppgraderte HFC-nett (Hybrid Fiber Coax) eller 4G mobilt breiband.



I skriv av 2. april 2014 frå Hordaland fylkeskommune gjer dei greie for nasjonal tilskotsordning 2014. Omtale av ordninga ligg på Post- og teletilsynet sin nettstad www.npt.no.

Det er ikkje sett krav til eigenandel frå kommunen i denne ordninga, men det er opna for medfinansiering både frå kommunen, andre verksemder og innbyggjarane. Søknadsfristen er 6. juni 2014 – altså før neste kommunestyremøte (23. juni)

Vurdering

Sjølv om det ikkje er utarbeidd «ein prioritert plan over tiltak» innan møte i kommunestyret 24. april, bør kommunen ta sikte på å utarbeide og sende søknad innan fristen 6. juni.